



Til:  
**Klima- og miljødepartementet**  
[\(postmottak@kld.dep.no\)](mailto:postmottak@kld.dep.no)

## **Kommentar til oppstart av ny stortingsmelding for villreinen**

Naturvernforbundet Hardanger har stor interesse i forvaltinga av Hardangervidda og alle randsoneområda. Våre medlemmer soknar til kommunane Kvam, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang og alle desse kommunane har rein i utmarka.

Tidshorisonten i den planlagde stortingsmeldinga er for ambisiøs. Det er lite realistisk å gjennomføre dette på under eit år og i ettertid vil ein slik melding ha større verdi om den er gjennomarbeidt.

### **Delt forvaltningsansvar**

I dag er ansvaret for villreinen nesten pulverisert. Staten og departementet har gjerne store ambisjonar, men klarer sjeldan å stå imot det politiske presset frå lokale og regionale interesser. Arealforvaltninga skjer først og fremst på kommunenivå. På trass av omfattande arealvern som nasjonalpark eller landskapsvernområde er inngrepa så talrike at villreinen og fleire andre arter og naturtypar er på raudlista.

Dagens arealforvaltning i villreinens leveområder er rett og slett ikkje berekraftig. Dei regionale planane har ikkje fått fotfeste og det er lite som visar att. Intensjonen med «**Regional plan for Hardangervidda**» frå 2009 og 2019 var god, men viser seg vanskeleg å gjennomføre:

*«Det er en overordnet nasjonal målsetting at Norges unike fjellandskap skal tas vare på som leveområder for sårbare arter, regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levende bygder. Fjellområdene skal forvaltes som landskap der kultur- og naturressursene, næringmessig utnytting og friluftsliv sikres og gjensidig utfyller hverandre. Villreinen skal ha en sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida, og det et nasjonalt mål at villreinens leveområder skal sikres. Dette skal ske gjennom regionale planer.»*

På lokalt og kommunalt nivå er det lite interesse for ein heilskapleg areal- og arts-forvaltning som krev avveging. Konkret viser dette i enkeltsaker som omhandlar dei store trekkrutene og mobiliteten til reinen. Vegstenging, ferdselavgrensning og tilbakeføring/restaurering av areal i enkelte område er eit sentralt element om ein skal/vil bringa vitalitet tilbake til villreinen på Hardangervidda. Men her har mange kommunar konsekvent motarbeidd sentrale føringar og vil heller utvide enn avgrense til dømes vinterbrøytinga. Dette kjem tydeleg fram i saka om vinterveg over Imingfjell, som tok fleire år å få avklart.

Vidare sitert frå 2006 i «**Regional plan for Hardangervidda**» *«Planene skal fastsette en langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområder. De vil være retningsgivende for kommunal planlegging og gi føringer for statlig og fylkeskommunal sektorplanlegging. Planene vil være et ledd i oppfølging av regjeringens samlede politikk for fjellområdene. — Planene skal forene målene om lokal omstilling og utvikling med nasjonale mål om helhetlig forvaltning av fjellområdene og sikring av villreinens leveområder»*



Nesten 20 år seinare er få av dei gode intensjonane implementert. Naturvernforbundet Hardanger opplever dette som ein fjern røyndom og vil visa til to viktige saker som verserer per dags dato: Eidfjord resort i Eidfjord kommune som omhandlar alpinanlegg, senterutvikling, og omlag 500 fritidsbustader.

Ein planlagt gondolbane til Rossnos 1430m over fjorden i Odda i Ullensvang kommune.

Begge representerer det klassiske inngrepet i villreinens leveområde og er ein oppskalering frå dei mange mindre inngrepa i randsona og sjølve nasjonalparken. Absolutt alle faginstansar har frårådt desse utbyggingsplanane og det herskar ingen tvil om belastninga for villreinen dersom dei vert gjennomført. I Eidfjord har kommunen i mange år promotert Maursethprosjektet og det vart godkjent i 2019 i Kommunal- og moderniseringsdepartementetvart





I Odda har Ullensvang kommune vore ein pådrivar. Samlege faginstansar opp til Statsforvaltarnivå har vore sterkt kritiske til prosjektet, og status no er at det delvis kommunalt eigde utbyggingsselskapet Hardanger Lift har varsla eit omarbeidd reguleringsplanforslag etter at Statsforvaltaren i Vestland fremma motsegn mot det 1. planforslaget.

Uansett, vert villreinen nødvendigvis sterkt påverka av ferdsel frå ein heilt ny inngangsportal mot Hardangervidda om prosjektet vert realisert.

Begge sakene handlar i stor grad om lokale økonomiske interesser der næring- og bygdeutvikling er dei gjennomgåande argumenta.

**I arbeidet med den nye stortingsmeldinga** er det tvingande nødvendig å vurdere heile systemet. Gjennom mange tiår har me prøvd med ein desentralisert modell med mange lokale fjellstyre og med en stor grad av lokalt sjølvstyre. Sett frå eit nærings- og utviklingsperspektiv har det vore vellukka med fart i hytte- og vegbygginga. Men sett frå villreinen har det vore 20 år med tilbakegang og stadig nye inngrep og færre resursar.



Den nye stortingsmeldinga må løfte perspektivet og sjå på forvaltningsmodellen. Villreinen vil rett og slett forsvinna om me ikkje tenkjer nytt. Det er artens leveområde med økosistema som må restaurerast og forvaltast med meir konsekvens.

## Sau eller rein?

I alle år vore ein underkommunisert konflikt mellom sauebeitinga og villreinen. Sauen representerer lokalsamfunnet og bidrar inn i det litt fastlåste biletet av nærings- og bygdeutvikling.

Landbruksnæringa har vunne «arealkonkurransen» og dominerer på store delar av vidda.

Det har utvikla seg eit veldig høgt beitetrykk i enkelte område og i alle slike konfliktar vil det utan unntak vere villreinen som forflyttar seg. Beiteareala vert i mindre grad brukt av lokal sau, men vert i stadig større omfang utleigd til sauebønder i Sunnhordland eller Rogaland. Berre i Eidfjord vil me estimere at 25-30% av dyra er frå lokale bønder. Også i Ullensvang kommune mot Vidda er det mange bønder som vel å leiga ut beiterettane. Omfanget er i vekst og gjeld alle kommunane mot Vidda. Årsprisen per sau i Hardangerkommunane er kr 35 - 40. Eit konservativt anslag på 15.000 leigesauer genererer altså ein totalinntekt på rundt 550.000 kr. Plassert i eit nasjonalt ansvarsperspektiv med villreinen kan vel ingen hevda at dette er store summar, men det er ei problemstilling som ikkje vert diskutert!

Stort beitetrykk vil også forsera utviklinga av skrantesjuka. Mange hevdar at saltsteinar og fellesbeite bidrar til spreininga av CWD, også inn i nye område med villreinstammer. Tanken om at ein kan stoppe CWD gjennom nedskyting og ved at ta ut heile villreinstammer er radikal og reflekterer ein eldre retorikk og naturforståing.



Oppdaginga av CWD på Hardangervidda har forsert arbeidet med ein ny stortingsmelding og krev ein full gjennomgang av alle sider og utfordringar rundt villreinforvaltinga. CWR er nytt i Noreg, men har vore påvist blant storvilt i Nordamerika i over 60 år. Den har ikkje spreidd seg til alle statar i USA, men går omrent vinnande ut overalt og vil over tid truleg spreia seg til alle hjortedyrstammer.

## Rovdyr i fjellheimen som ein ressurs

Naturvernforbundet Hardanger meiner dagens forvaltningsmodell for villreinen formidlar eit forgangen perspektiv. I fleire 100 år var målet å fjerne alle dyreartar og landskap som var utan direkte nytteverdi for mennesket. Me skulle ordne opp og gjere det triveleg i alle krokar av landet og legge til rette for u- innskrenka beiting.

Klima- og arts krisa har også kome til Norge og dermed også diskusjonen om artenes verdi. Artsmangfaldet i høgfjellet er klart mindre enn i skogen og låglandet og desto viktigare er det å ta vare på det. Nyare forsking og forsøk med «rewilding» har vist klare indikasjonar på at rovdyra er viktige for alle dyr i næringskjedene. Tidlegare trudde ein at rovdyra spelte ein sekundær rolle i natursamansettinga, nå hevdar mange biologar at predatorane høyrer til blant nøkkelartane og vil bidra til ei sunnare og meir hardfør reinstamme.

I generasjonar har landbruks- og jeger-interessene trumfa villmarksinteressene. Tradisjonell lokal, næringsutvikling har hatt 1. prioritert over reinforvaltinga.

Komande stortingsmelding bør opne opp for nye perspektiv i forvaltninga. Ein må flytte fokuset frå «kva mennesket treng... til kva reinen treng»

Naturvernforbundet Hardanger

Klaus Rasmussen

Oddvar Soldal

Øystese 31.5.23